

**Årdal kommune
v/ Bjørn Indrebø
Postboks 40
6881 Årdalstangen**

RAPPORT:

Årdal – Vurdering av skredfare i samband med oppføring av garasje i tunet på GBNR: 11/21- Timmersletti - Utladal.

Etter oppmoding frå Årdal kommune, ved Bjørn Indrebø, er det gjort ei vurdering av skredfare i samband med oppføring av eit garasjebygg i tunet på garden. Tunet er forma av bygningar som ein U med opning mot elva. I høgre flanke, vendt mot nordaust, står det i dag ein driftsbygning. Grunneigar ønskjer å rive denne bygningen. På same stad har grunneigar søkt om få å sette opp ein ny garasje.

Skredfare - skredsikring

Timmersletti er kartlagd med omsyn til skredfare i 1982. Jfr. to rapportar frå fylkeskommunen 5.3.1982 og 20.9.2010. Kartlegginga blei gjort med tanke på å bruke arealet ved Timmersletti, på begge sider av vegen, til bustadforemål. Det blei den gang sett av på kartet antatt grense for skredfare. Det blei tilrådd avsett eit areal på 10 meter mellom bygningar og grense for skredfare. Arealet er avsett med tanke på mogelege sikringstiltak.

Seinare er området regulert. I samsvar med rapport frå 2005, er det oppført sikringsvoll langsmed heile bustadrekka (2008). I samband med planlegging av og innhenting av tilbod på anleggsarbeid med sikringsvollen, er det gjort ein oppsjon på forlenging av vollen. Slik oppsjon er nytta av kommunen. Vollen er bygd i full høgde framom halve gardstunet på gbnr.: 11/21 –Timmersletti. Frå dette punktet føl vollen i slak boge eit bekkeløp, med redusert høgde ned mot vegen og Uvla.

Vurdering

Aktuell driftsbygning og omsøkt garasjebygg ligg i le av den avsluttande sikringsvollen. Skredfare er vurdert å vera tilstades, likevel redusert og ikkje med større frekvens enn eit skred pr. 300 år.

Lovverk

Skredfare er vurdert i samsvar med PBL §68 i den gamle lova. Same vurderingar er også gjort i medhald av ny PBL § 28.

RUSSENEs rådgiver geologi // RRG

Org. nr.: 994 870 866

”Grunn kan bare bebygges, eller eiendom opprettes eller endres, dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold. Det samme gjelder for grunn som utsettes for fare eller vesentlig ulempe som følge av tiltak”.

Teknisk føresegn til PBL (TEK) definerer akseptable risikonivå for skred i bebygde og planlagt bebygde område. Føresegna opererer med omgrepet ”årlig nominell sannsynlegheit” for skred.

Det er definert 3 sikkerheitsklassar avhengig av kva konsekvenser skred kan få. Føresegna sitt avsnitt om skred er vist nedanfor:

”Sikkerheten mot skred antas å være tilfredsstillende når byggverk i sikkerhetsklasse 1, 2 og 3 og medhørende utvendige bruksarealer dimensjoneres eller sikres mot skred slik at normtallene i tabell 4 nedenfor oppnås. Byggverk i pålitelighetsklasse 4 skal ikke plasseres i skredfarlige område”

Tabell 4: Sikkerhetsklasser ved plassering av byggverk i skredfareområder

<i>”Sikkerhetsklasse for skred</i>	<i>Konsekvens</i>	<i>Største nominelle årlige sannsynlighet</i>	
1	<i>liten</i>	10 ⁻²	1 skred pr. 300 år
2	<i>middels</i>	10 ⁻³	1 skred pr. 1000 år
3	<i>stor</i>	< 10 ⁻³	1 skred skjeldnere enn 1000 år

Byggverk skal plasseres og utføres slik at byggegrunn og tilstøtende terreng har tilfredsstillende sikkerhet mot at det blir utløst skred eller oppstår skadelige setninger.”

I medhald av tekniske byggeføresegner, vil oppføring av garasje, naust, lagerbygg der det ikkje skal etablerast arbeidsplassar eller overnatting, kjem i sikkerheitsklasse 1. Som i dette tilfelle i gardstunet på Timmersletti. Det vil sei at ein kan akseptere risiko for skredhending - treff på bygning/konstruksjon eller uteområde som tilsvarar 1 treff pr. 300 år.

Oppsummering

Omsøkt oppføring av ny garasje på tunet i gbnr 11/21 – Timmersletti, synest å vere tilrådeleg i høve skredfaren og dei reglar som er gjeve i PBL med tilhøyrande føresegner.

Bjørn Falck Russenes
rådgiver